

Osterfjord nærings samarbeid
Industrikonsulenten på Osterøy
5282 LONEVÅG

Dato: 23.06.2014
Vår ref.: 2014/11265-11
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:

Regionale næringsfond 2014 – Osterfjord nærings samarbeid Tilskot inntil kr 456 000,- (Tilsegn 089-2014)

Under handsaminga av «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*» (sak 32/2014) vedtok fylkesutvalet å avsette ei ramme på 4,0 millionar kroner til regionale næringsfond. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) hadde i utgangspunktet fjerna skjønnsfordelinga til kommunale- og regionale næringsfond frå statsbudsjettet i 2014, etter at det i 2013 var øymerkt 10,8 millionar kroner til formålet. For at ordninga ikkje skulle bli nulla ut, vedtok fylkesutvalet å prioritera delar av omstillingsmidlane til regionale næringsfond. Omstillingsmidlane er ikkje lenger øymerkt til formålet, og kan fylgjeleg omprioriterast dersom fylkeskommunen ser behov for det. Med bakgrunn i dette gjorde fylkesutvalet den 20.05 2014 slikt vedtak i sak 133/2014:

1. *Ramma for regionale næringsfond på 4 000 000 kroner for 2014 vert fordelt slik:*

<i>Sunnhordland</i>	<i>1 175 000</i>
<i>Hardanger</i>	<i>1 244 000</i>
<i>Voss</i>	<i>424 000</i>
<i>Bjørnefjorden</i>	<i>236 000</i>
<i>Gode Sirklar</i>	<i>200 000</i>
<i>Osterfjorden</i>	<i>456 000</i>
<i>Nordhordland</i>	<i>265 000</i>

2. *Fylkesutvalet legg til grunn at også nabofylka bidreg med midlar til fylkesoverskridande regionale næringsfond dersom desse fonda skal støtte prosjekt i nabofylket.*

Hordaland fylkeskommune har gleda av å tildele Osterfjord Nærings samarbeid kr 456 000,- til det regionale næringsfondet for 2014.

Av den totale løyvinga på kr 4 000 000,- til regionale næringsfond, skal kr 800 000,- (20 %) brukast som skjønnsmidlar. For inneverande år er det kome innspel og søknader frå Hardangerrådet IKS, Osterfjord Nærings samarbeid, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Gode Sirklar AS. Fylkesutvalet har prioritert dei aktivitetane/prosjekta som har dei mest gjennomarbeida planane, og som er mest i tråd med prioriteringane i Handlingsprogram for næringsutvikling 2014 (HNH 2014). Desse aktivitetane og prosjekta er tildelt skjønnsmidlar:

- Hardangerrådet IKS er tildelt 200 000 kroner i skjønnsmidlar til arbeidet med å utvikla ein overbyggnad av lokale næringslag/foreiningar/samskipnader i dei sju hardangerkommunane.

- Osterfjord Nærings samarbeid er tildelt 200 000 kroner i skjønsmidlar for å styrkje forskingsbasert og næringsretta samarbeid med m.a. Høgskulen i Bergen.
- Samarbeidsrådet for Sunnhordland er tildelt 200 000 kroner til ei næringsklynge med felles satsing på mat frå regionen.
- Gode Sirklar AS er tildelt skjønsmidlar til utvikling av nettverk for samarbeid mellom små og mellomstore bedrifter (SMB) i regionen, og kopling mellom desse og utdannings- og forskingsinstitusjonar i Bergensregionen.

Prioritering av søknader og bruk av skjønsmidlane vert vurdert av styret i regionrådet, og vilkår og retningslinjer for bruken er dei same som for resten av midlane til det regionale næringsfondet.

Krav og retningslinjer

Midlar til regionale næringsfond er ein del av løyvinga til Hordaland fylkeskommune over Statsbudsjettet for 2014 «*Kapittel 551 Post 60 Tilskott til fylkeskommunar for regional utvikling*». Frå 1. januar 2014 trådte forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar og reviderte retningslinjer for kap. 551, postane 60 og 61 i kraft. I forskrifta går det mellom anna fram at det kan søkjast om tilskot til prosjekt/tiltak som oppfyller følgjande kriterier:

- Er i tråd med fylkeskommunen sine mål og strategiar for distrikts- og regionalpolitikk.
- Kan sannsynleggjera distrikts- og regionalpolitisk verknad.
- Har god kvalitet med søkjar som har god gjennomføringsevne.

Forskrifta finn du på denne linken: <http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-12-11-1574?q=distrikts-+og+regionalpolitiske+virkemidler>

Elles går det fram av retningslinjene frå KMD at midlane ikkje kan nyttast til:

- Drift av næringsverksemd eller organisasjonar
- Kausjon eller annan økonomisk garanti.
- Direkte eller indirekte investeringar i eigenkapital i verksemdar.
- Renter og avdrag på lån og refinansiering av gjennomførte prosjekter.
- Drift av, eller investeringar i, statlege, fylkeskommunale og kommunale oppgåver
- Politikkforberedande aktivitetar internt hos forvaltar eller i regi av forvaltar.

Fylkeskommunen har ikkje utarbeida eit felles regelverk for dei regionale næringsfonda i Hordaland. I staden gir vi nokre rammer for bruken av midlane i dei årlege tildelingsbrev. Her har vi både tatt inn aktuelle rammer frå KMD og dei rammene som fylkeskommunen har sett for bruken av midlane. Det er så opp til kvart einskild næringsfond å lage sine egne operative retningslinjer. Av rammene frå fylkeskommunen kan nemnast:

- Midlane skal forvaltast i tråd med «*Regional næringsplan for Hordaland*» og prioriteringar i «*Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014*».
- Midlane kan nyttast til både tilrettelegging for næringsutvikling og direkte bedriftsstøtte, men sistnemnde føremål må vere innafor regelverket for bagatellstøtte.
- Tilskot og støtte må tildelast i samsvar med EØS-avtala.
- Regionale næringsfond bør prioritere tiltak som gir nytte for meir enn ein kommune.
- Det er ikkje høve til felles finansiering frå regionale næringsfond og Innovasjon Norge når det gjeld støtte til bedrifter. Felles finansiering av infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling mellom fylkeskommunen og regionale næringsfond vil berre bli tillate etter særskild vurdering av fylkeskommunen. Vi vil også oppmode styra i dei regionale næringsfonda til å avklare reglar for felles finansiering med kommunale næringsfond for dei kommunane som har slike.

- Med unntak for næringsfondet for Sotra-Øygarden, skal dei regionale næringsfonda i hovudsak bli nytta innafor verkeområdet for distriktspolitiske verkemiddel. Det vil sei kommunar i Sone II, Sone III og Sone IV. Ein mindre del av midlane kan likevel nyttast til tiltak i Sone I kommunar dersom tiltaka er i tråd med sentrale mål og prioriteringar i HNH og er viktige for næringsutvikling også i Sone II, III og/eller IV i den aktuelle regionen. Heile næringsfondet for Sotra – Øygarden kan bli nytta innafor kommunane i regionen.
- For fylkesoverskridande regionråd er det ein føresetnad at også nabofylka yter til dei regionale næringsfonda dersom fonda skal støtte prosjekt i kommunar i nabofylka.

Forvaltning av næringsfonda

Forvaltninga av dei regionale næringsfonda skal vere underlagt eit eige styre. Følgjande minstekrav skal gjelda for korleis styret skal vera sett saman:

- Regionrådet utnemner styret ved konsensus. Fylkeskommunen skal ha melding om eventuelle endringar i perioden. Der kor det ikkje er mogleg å oppnå konsensus, skal fylkeskommunen fastsette samansettinga.
- Styret for næringsfondet skal ha minst 5 medlemmer med personlege vara beståande av ordførarar og representantar for næringsliv m.m. Ordførarane skal ha fleirtal.
- Minst 2 av medlemmene skal vere representantar for næringslivet, næringsforeiningar eller andre regionale og lokale aktørar innafor næringsutvikling.
- Fylkeskommunen og Innovasjon Norge Hordaland har rett til å møte som observatør. Elles er det fritt opp til styret sjølv å utnemne observatørar.
- Avgjerdene i styret bør i størst mogleg grad byggje på konsensusprinsippet.
- For alle løyvingar gjort av styret skal det utformast tilsegn til mottakar av midlar i tråd med KMD sin forskrift.

Rapportering, utbetaling og kontroll

Rapportering

- Innan 1. mars kvart år skal fylkeskommunen ha rapport om bruken av midlane i dei regionale næringsfonda. Rapporteringa skal vere knytt til dei prioriterte områda i HNH og innehalde statistikk, revisorattestert rekneskap og ein kort omtalande del. Rapporten skal innehalde ein særskilt omtale av bruken av tildelte skjønnsmidlar.
- Tildeling av tilskot frå regionale næringsfond skal registrerast i RF-13.50.
- Årleg statistikkrapport til KMD skal sendast gjennom RF-13.50. Frist for innsending av rapport er 1. februar.
- I tillegg skal forvaltninga av dei regionale næringsfonda rapporterast direkte til Kommunal og Regionaldepartementet i samsvar med dei krav som til ei kvar tid blir stilt av departementet.

Kontroll

- Fylkeskommunen har til ei kvar tid høve til å kontrollere at vilkåra for tilskottet blir helde. Tilsegnsmottakar pliktar å gje dei opplysningane som fylkeskommunen ber om.
- Med heimel i Stortinget sitt løyvingreglement har Riksrevisjonen rett til å kontrollera at tilskottet blir nytta etter føresetnadene.

Utbetaling og eventuell tilbakebetaling

- Tilskottet blir utbetalt til **Osterfjord Næringsssamarbeid sin bankkonto 6537.05.08849** med heile summen no.
- Dersom vilkåra i tilsegna ikkje blir følgt, kan fylkeskommunen krevje tilbakebetalt heile eller delar av tilskottet.

Profilering

- Tilsegnsmottakar forpliktar seg til å nemne i kvart tilsegnsbrev at ordninga med regionale næringsfond er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- I medieomtale, internett og andre presentasjonar av regionalt næringsfond må det også bli nemnt at ordninga er finansiert av Hordaland fylkeskommune.
- Hordaland fylkeskommune ønskjer kopi av medieomtalar av regionalt næringsfond.

Klage/innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen De mottar melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Strategi- og næringsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson for desse tilsegna er Hans Inge Gloppen, telefon 55 23 92 88, e-post: hans.inge.gloppen@hfk.no

Fylkeskommunen ønskjer Dykk lukke til med forvaltninga av det regionale næringsfondet i 2014.

Med helsing

Bård Sandal
Fylkesdirektør regionalutvikling

Mette Nora Sætre
Næringssjef

Kopi: Økonomiavdelinga

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.